

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Gudvangen Fjordtell  
**Dato:** 20.10.2021  
**Tidspunkt:** 09:30 – 12:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Skjerdal	Leiar	Aurland kommune
Audun Mo	Nestleiar	Lærdal kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Vestland fylkeskommune

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørg Djukastein	Medlem	Voss herad

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sigbjørn Hauge	Bjørg Djukastein	Voss herad

## Merknadar

Det vart gjennomført ei kort synfaring i nedkant av Stalheimskleiva før møtet.

## I tillegg møtte:

Namn	Stilling
Kristoffer Ullern Hansen	Statens naturoppsyn

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Verneområdeforvaltar
Jorunn Ospedal Vallestad	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 64/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 65/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 66/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker - Status tiltaksplan		
RS 12/21	Framdriftsplan - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen- Statens vegvesen		2021/8184
ST 67/21	Delegerte saker		
DS 24/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Snauaset - motorferdsel, helikopter		2021/13185
ST 68/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Skogane - Rognaldskori - merking av sti til nytt utkikkspunkt		2021/14253
ST 69/21	Klagehandsaming - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsiktspunkt Sivlefossen		2020/15428

### **ST 64/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 20.10.2021**

##### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **ST 65/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 20.10.2021**

##### **Vedtak**

Gunn Åmdal Mongstad vart valt til å skrive under protokollen saman med leiar Trygve Skjerdal.

## **ST 66/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 20.10.2021**

#### **Handsaming i møte**

- Forvaltar orienterte om status og justeringar i tiltaksplanen. Tiltak på Hovdungostien er gjennomført av sherpaer i haust, muring i Galden blir utsett til 2022. Tiltak på stien til Stigen vert startar opp i haust av Dee Cunningham.
- Miljødirektoratet har kontakta forvaltar med spørsmål om anmelding av massedeponi på Langhuso. Styret vil ta dette opp som sak på neste styremøte.
- Det blir opne møte om revidering av forvaltningsplan i Flåm, Gudvangen, Lærdal og Fresvik i november. Styrerepresentantar møter i kvar sine område.
- Møte med rådgjevande utval blir 30. november. RU-møte før lunsj, styremøte etter lunsj.

#### **Vedtak**

Orienterings- og referatsaker vart tatt til orientering.

### **RS 12/21 Framdriftsplan - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen- Statens vegvesen**

## **ST 67/21 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 20.10.2021**

#### **Vedtak**

Delegerte saker vart tatt til orientering.

### **DS 24/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Snauaset -motorferdsel, helikopter**

## **ST 68/21 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Skogane - Rognaldskori - merking av sti til nytt utkikkspunkt**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 20.10.2021**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Arild Dyrdal får løyve til å rydde og merke sti frå Skogane til Rognaldsskori. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3, punkt 1.3 c).

Løyve er gjeve på fylgjande vilkår:

- Stien skal leggest slik at den i størst mogleg grad unngår fuktdrag og våte parti der det fort vil bli stislitasje.
- Det skal gjennomførast enkel stitilrettelegging. Mellom anna kan det flyttast på stein i terrenget for å lage ein god stitrasé. Det kan leggest enkle treklopper i våte parti.
- Det skal ryddast skog og kratt langs stitraseen. Gamle og særmerkte tre skal ikkje hoggast. Det kan ryddast i ei breidde på inntil 2 meter.
- Stien må merkast tydeleg. Malte trebitar hengane i trea er ein god merkemetode. Det skal ikkje malast på berg, store steinar eller store, gamle tre.
- Det skal settast opp retningsskilt på Skogane som viser stien til Rognaldsskori.
- På Rognaldsskori kan det settast opp ei «pilmast», ein stolpe med fleire skilt som peikar ut ulike plassar ein ser. Det kan også lagast ein enkel benk/sitteplass, fortrinnsvis av materialar på staden. Dei store furutrea skal ikkje skadast.
- Tiltakshavar har ansvar for merking og vedlikehald av stien.
- Opparbeiding og merking av stien bør gjennomførast så fort som mogleg våren 2022, slik at det er samsvar med det som blir vist som merka sti på informasjonsskilt i Dyrdal.
- Tilrettelegging og merking av stien skal vere etter avtale med andre grunneigarar i området.

## **ST 69/21 Klagehandsaming - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsiktspunkt Sivlefossen**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 20.10.2021**

#### **Handsaming i møte**

Det vart gjennomført synfaring for å vurdere synlegheit av utsiktspunktet på bakgrunn av klagene som er kome inn. Styret diskuterte deretter saka. Fleire styremedlemmar poengterte at førelagt referat i forrige møte gav inntrykk av at det var semje om tiltaket. I ettertid har det kome fram ny informasjon om saka. Klagene viser at tiltaket vil vere visuelt synleg, og at det vil vere eit stort inngrep i verneområdet. Styreleiar innstilte på å ta klagene til fylgje, og å stryke andre avsnitt i innstilling frå forvaltar. Dette vart einstemmig vedtatt.

#### **Vedtak**

Alle klagarane har rettsleg klageinteresse jf. forvaltningslova § 28. Klagene blir tatt til fylgje, og Nærøyfjorden verneområdestyre avslår Voss herad sin søknad om utsiktspunkt til Sivlefossen slik den føreligg. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.